



Rapport 2016: Den kulturelle spaserstokken, Etne

Etne er ein distriktskommune der ein ofte lyt reise langt for å oppleve eit breitt og variert kulturliv. Like fullt er Etne så langt ein strekkjer til, ein aktiv kulturkommune - også på eiga hand. Tid er kulturhuset med sine mange tilbod eit samlingspunkt for heile regionen. Vakker natur gir dessutan mange moglegheiter for ein aktiv kvardag, og Etne har i den vedtekne kommuneplanen sett som mål å vere *ein regionalt profilert kulturkommune*. Ein arbeider for at DKSS skal bidra best mogleg til at ein lokalt også kan styrke kulturtilboden og aktivitetane for dei eldre, og gjera det tilgjengeleg ved å tilby transport i enkelte høve.

Den kulturelle spaserstokken har i 2016 bidrige med tilskot etter gjeldande lokale retningslinjer til følgjande tiltak:

Kategori 1:

Tturar til lokale mål, der ein legg inn tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag. Til dømes eldredag, aktivitetsdag, seniordans og sitjedans, dansekurs, frivilligdag.

Samarbeidspartar: Eldrerådet, pensjonistforeninga, Sitjedansen, Seniordans, Frivilligsentralen.

Katergori 2:

Reiser til regionale eller fjernare mål, gjerne med tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag. Til dømes bussturar til Olav H. Hauges-senteret i Ulvik, maritim kultur og natur i Ausevoll. Samarbeidspartar: Lokallagea av LHL, Frivilligsentralen.

Katergori 3:

Eit auka lokalt tilbod med profesjonelle kunstnarar innafor musikk og anna scenekunst. Til dømes klassisk konsert med kompetente kulturskulelærarar med gjester, forteljefestival, Jørgensen og Moe-konsert og støtte til ymse kunstnariske/kulturelle innslag på ulike arrangement. Samarbeidspartar: Skakke-senteret, Forteljegruppa og diverse lag og foreningar.

Tilboda har gått ut til ei målgruppe på om lag 6-700 personar, der gjerne drygt 200 har gjort seg nytte av heile eller delar av tilboda. Det er totalt brukt ca 158.000 kroner, og bruken fordeler seg slik:

Kurs og opplæring	3 000
Transport	8 800
Kjøp av kulturtildob	27 215
Tilskot til lag og organisasjonar	6 000
Tilskot til arrangement	38 000
Arbeidsmateriell og møtekostnad; ca	5 000
Annonsar	7 000
Avsetjing til DKSS-fond	17 985
	113 000
Administrasjonsressurs, ca	45 000
Totalt 2016	158 000

Etne, 20. september 2018

Liv-Kari Bødtker
-kulturkonsulent-

